

## Skjemainformasjon

Skjema	Søknadsskjema for museumsprogrammer 2015 (nynorsk)
Referanse	1006080
Innsendt	05.05.2015 14:50:58

## Opplysningar om søkjar

### Søkjar

Namn på organisasjonen	Litteraturnettverket v/ Nynorsk kultursentrum
Leiar av institusjonen	Ottar Grepstad
Postadresse	Indrehovdevegen 176
Postnr / Poststad	6160 HOVDEBYGDA
Tlf. til organisasjon	70047570
E-post til organisasjon	adminb@aasentunet.no
Kontaktperson for prosjektet	Ottar Grepstad
Tlf. til kontaktperson	70047575
E-post til kontaktperson	ottar.grepstad@aasentunet.no
Nettside	<a href="http://www.aasentunet.no">http://www.aasentunet.no</a>
Org. Nr	976013263

# Opplysninger om prosjektet

## Prosjekt

Søknaden gjeld

Samfunnsrolle

Tittel på prosjektet

Museum som minnepolitiske aktører

## Samandrag av prosjektet

12 museum i Litteraturnettverket lagar eit tverrfagleg dokumentasjons- og forskingsprosjekt om museum som minnepolitiske aktører gjennom refleksjon over fortidas rolle i eit moderne demokrati. Prosjektet går frå hausten 2015 til våren 2018, endar i ei gratis e-bok og har eit arbeidsbudsjett på vel 2,7 millionar. Musea dekkjer vel 1,9 millionar. Vi søker om til saman 850 000 kroner frå Norsk kulturråd fordelt over tre år.

## Mål med prosjektet

Litteraturnettverket skal gjennom dette prosjektet undersøkje, dokumentere og formidle korleis museum kan vere minnepolitiske aktører og kva dette har å seie for samfunnsrolla til musea. Prosjektet har fire målgrupper:

1. Leiing og tilsette ved kulturhistoriske museum i inn- og utland
2. Løyvande styresmakter særleg lokalt og regionalt
3. Humanistiske og samfunnsvitskaplege fagmiljø
4. Allment historie-, kultur- og samfunnsinteresserte

## Skildring av overføringsverdien til prosjektet

Det har vore gjort lite av museologisk forskning på litteraturfeltet i Noreg. Prosjektet er eit bidrag innanfor eit lite påakta område med refleksjonar over grunnar til å ha litterære museum, senter og komponistheimar, og drøfte kva dei har å seie som ein av fleire premissleverandørar for minnepolitikken.

Prosjektet skal ha ein praktisk bruksverdi. Ingen vitskaplege prosjekt kan på vitskapleg grunnlag åleine vurdere eller gi råd om framtida. Det vitskapsteoretiske skiljet mellom er og bør må stå fast. Prosjektet vil setje dei litterære musea i stand til å vurdere kritisk og systematisk eiga verksemd saman med andre. Som minnepolitiske aktører må og vil musea bruke den kunnskapen som blir utvikla i dette prosjektet som ein del av sitt eige grunnlag for deltaking i komande markeringar. Den kunnskapen er relevant for fleire enn dei litterære musea.

Både offentlege og private interesser bruker store midlar til minnepolitiske tiltak. Korleis blir nokre forfattarar og kunstnarar valde ut som objekt for nasjonale museum, medan andre fell utanfor? Rapporten frå Språkåret 21013 syner at dei fleste kulturjubilea det siste tiåret har hatt inntekter mellom 6 og 10 millionar. Då er eigeninnsatsen til sentrale samarbeidspartnarar ikkje rekna med. Samla inntekter for 11 nasjonale jubileum mellom 1996 og 2014 var på 315 millionar i notidsverdi. Kva innbyggjarar, fagmiljø, institusjonar og styresmakter fekk att for desse summene, varierer. Få av rapportane jamfører med andre jubileum, og endå færre har med ei kritisk vurdering av eiga verksemd ut frå nokre overordna perspektiv. Dette prosjektet kan bli til stor nytte for minnepolitiske tiltak både i offentleg og privat regi iallfall dei neste to tiåra.

Som museum er vi møteplassar mellom fag og publikum der vi vender oss til folk i svært ulike aldrar. Dette prosjektet opnar for nytenking om dei forteljingane vi har valt, korleis vi no vel nye, og korleis vi endrar gamle forteljingar.

## Prosjektskildring

### 1 Deltakande institusjonar og premissar for deltaking

Alle institusjonane i prosjektet eig og/eller driv eitt eller fleire litterære museum: Nynorsk kultursentrum (prosjektleiari), Akershusmuseet, Anno museum, Grimstad bys museer, Helgeland Museum, Jærmuseet, Kode, Lillehammer museum, Nordlandsmuseet, Norsk Folkemuseum, Ryfylkemuseet og Telemark Museum.

Dette er eit gjensidig forpliktande samarbeidsprosjekt. Det er relevant for nesten alle medlemene, fleire kan arbeide med separate delprosjekt innanfor heilskapen, prosjektet blir gjennomført av institusjonar med fast tilsette medarbeidarar, og musea skal ha eit operativt og praktisk utbytte av prosjektet.

Dei som ikkje kan eller ønskjer å vere med, kan vere med som observatørar på delar av dei planlagde samlingane.

### 2 Prosjektleiari

Direktør Ottar Grepstad i Nynorsk kultursentrum leier prosjektet. Han er cand.philol. med litterært hovudfag frå 1983 og har gjennom fleire tiår arbeidd med dokumentasjon og formidling som forleggjar, forfattar, leksikonredaktør og museumsdirektør.

### 3 Mål og målgrupper

Litteraturnettverket skal gjennom dette prosjektet undersøkje, dokumentere og formidle korleis museum kan vere minnepolitiske aktører og kva dette har å seie for samfunnsrolla til musea. Prosjektet har fire målgrupper:

1. Leiing og tilsette ved kulturhistoriske museum i inn- og utland

2. Løyvande styresmakter særleg lokalt og regionalt
3. Humanistiske og samfunnsvitskapelege fagmiljø
4. Allment historie-, kultur- og samfunnsinteresserte

#### 4 Musea i litteraturhistoria

Litteraturnettverket har hatt dette målet i arbeidsplanen 2008-14:

«Litteraturnettverket skal utvikle aktive og aktuelle samfunnsinstitusjonar som legg vekt på kritisk refleksjon og skapande innsikt, og som gjennom samarbeid styrkjer språkets, litteraturens og musikkens plass i Noreg. Vi byggjer på samarbeid, samhandling og felles interesse. Vi vil gjere kvarandre til betre museum og dermed bli sikrere på kva ein bør gjere og korleis det bør gjerast.»

I åra 2008-15 har nettverket gjennomført 14 samlingar. Der har vi særleg arbeidd med kompetanseutvikling og erfaringsutveksling, museumsfaglege og driftsfaglege fellesprosjekt, formidling og informasjon. Musea veit mykje meir om arbeidsfeltet sitt i dag enn då nettverket tok til. No ønskjer vi å utvikle oss vidare ved å gå grundig inn i eit emne som få institusjonar og fagmiljø arbeider systematisk med, og som kan styrkje sjølvrefleksjonen hos museum også utanfor nettverket.

Musea i nettverket forvaltar liv og verk for meir enn 20 av dei fremste forfatarane og komponistane i norsk kulturhistorie, frå Petter Dass og Ole Bull via Ivar Aasen og Sigrid Undset til Hans Børli og Kjell Aukrust.

Minnepolitikk har vore ein del av vestleg kultur like sidan antikken. I den klassiske retorikken var forfedrane ein grunnleggjande kategori. Å vere på parti med fortida var ein nødvendig føresetnad å ha makt over framtida. Dette har prega den politiske talekunsten i fleire tusen år. Minnepolitikk har såleis med mykje meir å gjere enn runde og år jubileum.

Historisk er der ei ubrotten linje mellom demokrati og minnepolitikk like frå det antikke Hellas. Den klassiske retorikken var ein viktig del av grunnlaget for samfunnsorganiseringa. Det gjaldt å ha forfedrane - formødrene kom mykje seinare - på si side ved å vise eigen samanheng til deira tankar, gjerningar og resultat. Den dag i dag er dette eit politisk grunnargument i den offentlege ordskiftet, tydelegare i nokre samfunn enn i andre. Difor kan eit kritisk arbeid om minnepolitikk seie noko om fortidas rolle i eit moderne samfunn.

I artikkelen «Kunsten å jubilere» i Nytt norsk tidsskrift 2006 viser Olaf Agedal og Ånund Brottveit korleis nasjonale kulturjubileum får følgjer for det dei kallar minnekulturen i samfunnet. Den danske historikaren Anette Warring har i studien Historie, magt og identitet (2003) brukt ordet «minnepolitikk» om danske grunnlovsjubileum. Omgrep treng ei utdjuping og presisering gjennom museumsteori, retorikk og museumsempiri. Kunsten å jubilere handlar om tolking og vurdering av fortida. Det gjeld å ha definisjonsmakt over fortida. Jubileum har alltid ein del offisielle, representative talar og innslag, men jubileum opnar som regel også for at fleire grupper og miljø kan gripe noko av den definisjonsmakta. Minnepolitikk blir ført heile tida, men er mest styrt og målretta i nasjonale (eller lokale) jubileum. Slike jubileum er med og syner korleis samfunn endrar seg og kva det er viktig å ta vare på. Ei organisert gruppe kan drive ein effektiv minnepolitikk som er med og styrkjer den opplevde fellesskapen deira. Der er «alltid» eit jubileum. Det siste tiåret har store jubileum for markerte for fleire forfatarar innanfor Litteraturnettverket. Musea arbeide også mykje med både Språkåret, Stemmerettsjubileet og Grunnlovsjubileet. I eit språkhistorisk perspektiv er 500-årsjubileet for reformasjonen i 2017 svært interessant. Litteraturhistorisk er det 100-årsjubileum for Hans Børli i 2018 og 200-årsjubileum for A.O. Vinje same året.

Studiar i musea som minnepolitiske institusjonar må inkludere både kjønnspolitiske og språkpolitiske perspektiv. Dette handlar både om individuelle posisjonar, ideologiske normer, sosiale maktfaktorar og institusjonelle rammevilkår. Korleis kan ein minnepolitikk verke utskiljande eller integrerande? På kva måte speglar musea ein rådande minnepolitikk, og korleis opnar dei nye utvegar?

Som litterære museum arbeider vi i skjæringspunktet mellom tilblivings- og resepsjonshistorie. Den samlingsorienterte verksemda vår gir andre inngangar til liv og verk enn dei som pregar allmenne litteraturhistoriske framstillingar. Formidlingsarbeidet vårt sorterer liv og verk på fagleg forsvarleg vis, og vi legg ofte mykje vekt på den rolla dei ulike forfatarane har hatt som vi fortel om. Slik tolkar vi resepsjonshistoria samstundes som vi utvidar den med nye resepsjonar. Både litterære og andre museum arbeider mykje med opphavsmytar: Korleis kunne visse forteljingar som i dag er så fagleg misvisande, festne seg slik dei gjorde og bli oppfatta som gyldige jamvel i dag?

Fleire museum har arbeidd med større bibliografiske prosjekt. Utførlege bibliografiar inneheld eit kulturseismografisk avtrykk av samtida og viser korleis interessa for ein kunstnarsskap eller forfatterskap har skifta over tid, ofte også kva som har utlyst slike endringar.

#### 5 Emne og problemstillingar

Lista nedanfor viser retning og ein del aktuelle idear, men er inga endeleg prioritering.

- 1 Kva er minnepolitikk? Minnekultur og minnehistoriske perspektiv, resepsjonshistorie og minnepolitikk, omgrephistorie og teori
- 2 Museum som institusjonalisering av minnepolitikk på sida av den litterære institusjonen
- 3 Museum som regissør, utøvar og tilskodar: minnepolitikk i samfunnsoppdraget
- 4 Museumsperspektiv på litteratur- og musikkhistorie
- 5 Omvisingar som minnepolitiske forteljingar: tilfella Bjørnson og Undset
- 6 Mellom tradering og nytenking: reproduksjon om mytar
- 7 Forholdet mellom stad og verk, det materielle og immaterielle
- 8 Minnepolitikk utan likestilling: kvinners ettermæle
- 9 Biografiske framstillingar i norske skulebøker: Garborg, Grieg
- 10 Minnepolitikk i ein språkdelt norsk kultur: Hamsun, Aasen
- 11 Minnepolitikk i nordisk perspektiv: Linné, Andersen, Ibsen

## 6 Framdrift

Kvart museum peikar sjølve ut ein eller to deltakarar som utviklar prioritert framlegg for eige arbeid i prosjektet. Vi føreset samlingar i oktober 2015, mai 2016, oktober 2016, april 2017 og oktober 2017.

## 7 Publisering

Prosjektet blir publisert som gratis e-bok på alle nettstadene til musea i Litteraturnettverket primo september 2017.

Prosjektleiaren er redaktør for boka.

Innleiinga og eventuelle enkeltkapittel blir i eventuelt omarbeidd form sende til Nordisk museologi og/eller andre publikasjonar med fagfelle vurdering.

Denne publikasjonsstrategien inneber og føreset at deltakarane kan bruke tid på prosjektet som føresett i budsjettet, med dei tillegga som må til.

## 8 Samarbeid med forskingsmiljø

Vi har funne fram til ein mentor på overordna nivå med samfunnsvitskapleg bakgrunn. Dr. philos. Olaf Aagedal ved Stiftelsen Kirkeforskning i Oslo er den i Noreg som har arbeidd mest med minnepolitiske analysar, og han har i e-post 3.10.2014 stadfesta at han kan rettleie på eit overordna nivå.

Så langt råd er, dreg vi vekslar på museumsfagmiljøa ved UiB og UiTø - Noregs arktiske universitet, og vi veit om museum utanfor nettverket som kan inviterast til enkeltsamlingar.

## 9 Arbeidsplan og prosess

Det felles prosjektarbeidet tek til med samling nr. 1 i oktober 2015. Til denne samlinga har alle musea plukka ut deltakarane sine, og på samlinga legg dei fram grunngitte forslag til eigne arbeid på inntil ei A4-side. Eventuelle overlappingar blir avklara på samlinga. Her held mentor og prosjektleiar foredrag om teori og perspektiv.

Til samling nr. 2 våren 2016 blir Anette Warring invitert som ekstern foredragshaldar. Alle legg fram førebels analysar i form av kvarterlange presentasjonar og problemnotat på inntil tre A4-sider. Prosjektet blir presentert i Nordisk nettverk av litterære museum og komponistheimar i 2016.

På samling nr. 3 hausten 2016 legg alle fram eit første manusutkast. Etter drøfting og tilbakemelding frå mentor og prosjektleiar arbeider deltakarane vidare med manuskripta til samling nr. 4 våren 2017.

Endelege manuskript blir presenterte på samling nr. 5 hausten 2017.

I 2018 blir publikasjonen ferdigstilt og publisert på nettstadene til alle musea i Litteraturnettverket. Vi bed våren 2016 om å få presentere boka på eit fagseminar om museum som minnepolitiske aktørar under Det nasjonale museumslandsmøtet i september 2017.

Delrekneskap for prosjektet blir lagd fram kvart år. Avslutta og revidert prosjektrekneskap blir lagd fram innan 1.8.2018.

## 10 Økonomi og finansiering

Arbeidsbudsjettet for prosjektet er på 2,7 millionar. Av dette står musea sjølve for vel 1,9 millionar. Dette svarar til verdien av tre årsverk kostnadsrekna ut frå lønssteg 53 i lønstabellen for Virke.

Kvart museum bruker minst tre månadsverk til fagleg arbeid og skrivning til den planlagde e-boka. I tillegg deltek musea på fem fagsamlingar undervegs.

Kor omfattande mentor kan engasjere seg, er avhengig av den endelege budsjetttramma.

# Prosjektbudsjett

Prosjekt	
Startdato / Sluttdato	15.10.2015 - 01.08.2018
Søknadssum kulturrådet for heile prosjektperioden	850 000
Budsjettramme for prosjektperioden	2 775 000

## Budsjett for første år

### UTGIFTER

Kva	Skildring	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	4 månadsverk fagarbeid	kr 205 000,00
Varer/utstyr	Arbeidssamling, delkostnad	kr 50 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Mentor og fagrettleiar	kr 15 000,00
	Rekneskap	kr 6 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Administrasjon	kr 15 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 291 000,00</b>

### INNTEKTER

Skildring	Tilskot bekrefta	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 300 000,00</u>
Eigeninnsats 12 museum	Ja	kr 205 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 505 000,00</b>

## Kommentar til budsjett neste år

Budsjettet ovanfor er for 2015. Tilskotet frå Norsk kulturråd kan fordelast annleis over dei tre åra enn føresett her.

## Budsjett for andre år

### UTGIFTER

Kva	Skildring	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	14 månadsverk fagarbeid	kr 740 000,00
Varer/utstyr	Arbeidssamlingar, delkostnad	kr 150 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Mentor og fagrettleiar	kr 100 000,00
	Rekneskap	kr 6 000,00
Andre utgifter (spesifiser)	Administrasjon	kr 40 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 1 036 000,00</b>

### INNTEKTER

Skildring	Tilskot bekrefta	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<u>kr 275 000,00</u>
Eigeninnsats 12 museum	Ja	kr 740 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 1 015 000,00</b>

## Kommentar til budsjett neste år

Budsjettet ovanfor er for 2016, pris- og lønsjustert.

## Budsjett for tredje år

### UTGIFTER

Kva	Skildring	Sum
Personalkostnader (lønn/overhead)	14 månadsverk fagarbeid	kr 762 000,00
Varer/utstyr	Arbeidssamlingar	kr 150 000,00
Tjenester kjøpt av andre	Mentor og fagrettleiar	kr 60 000,00
	Rekneskap	kr 6 000,00

Andre utgifter (spesifiser)	Adm, inistrasjon	kr 24 000,00
<b>Totale utgifter</b>		<b>kr 1 002 000,00</b>

## **INNETEKTER**

Skildring	Tilskot bekrefta	Sum
<u>Søknadssum Norsk kulturråd</u>		<b>kr 275 000,00</b>
Eigeninnsats 12 museum	Ja	kr 762 000,00
<b>Totale inntekter</b>		<b>kr 1 037 000,00</b>

### Kommentar til budsjett neste år

Budsjettet ovanfor gjeld for 2017. For 2018 har vi budsjettert med avsluttande kostnader for prosjekt og publikasjon på 446000, og av dette utgjør eigeninnsatsen 218000.

## Framdriftsplan

Framdriftsplan for heile prosjektperioden

**Startdato / Sluttdato** 15.10.2015 - 01.08.2018

Fyll ut aktivitetsplan for prosjektet under

Tittel	Frå dato / Til dato
Publisering e-bok	01.04.2018 - 01.04.2018
Arbeidssamling 1, 2 dagar	01.10.2015 - 31.10.2015
Arbeidssamling 2, 2 dagar	01.05.2016 - 31.05.2016
Arbeidssamling 3, 2 dagar	01.10.2016 - 30.10.2016
Arbeidssamling 4, 2 dagar	01.04.2017 - 30.04.2017
Arbeidssamling 5, 2 dagar	01.10.2017 - 31.10.2017

### Andre opplysninger

Det felles prosjektarbeidet tek til med samling nr. 1 i oktober 2015. Til denne samlinga har alle musea plukka ut deltakarane sine, og på samlinga legg dei fram grunngitte forslag til eigne arbeid på inntil ei A4-side. Eventuelle overlappingar blir avklara på samlinga. Her held mentor og prosjektleiar foredrag om teori og perspektiv. Til samling nr. 2 våren 2016 blir Anette Warring invitert som ekstern foredragshaldar. Alle legg fram førebels analysar i form av kvarterlange presentasjonar og problemnotat på inntil tre A4-sider. Prosjektet blir presentert i Nordisk nettverk av litterære museum og komponistheimar i 2016. På samling nr. 3 hausten 2016 legg alle fram eit første manusutkast. Etter drøfting og tilbakemelding frå mentor og prosjektleiar arbeider deltakarane vidare med manuskripta til samling nr. 4 våren 2017. Endelege manuskript blir presenterte på samling nr. 5 hausten 2017. I 2018 blir publikasjonen ferdigstilt og publisert på nettstadene til alle musea i Litteraturnettverket. Vi bed våren 2016 om å få presentere boka på eit fagseminar om museum som minnepolitiske aktørar under Det nasjonale museumslandsmøtet i september 2017. Delrekneskap for prosjektet blir lagd fram kvart år. Avslutta og revidert prosjektrekneskap blir lagd fram innan 1.8.2018.

## Samarbeidspartnarar

Samarbeidspartnarar

Har du ein samarbeidspartnar

## Vedlegg

Vedlegg

Ingen vedlegg lastet opp